



# Sykkylven Energi AS informerer...

10. september 2016

Side 1

## Opprett eFaktura og få rabatt! I tillegg kan du vinne ein iPad!

Sykkylven Energi ynskjer at så mange som mogleg opprettar avtale om eFaktura. Ved å opprette eFaktura vert fastbeløpet på nettleiga di redusert med kr. 125 pr år.

Dersom du i perioden 15. september–15. desember 2016 opprettar eFaktura er du i tillegg med i ei trekning av ein iPad. Vinnaren vert kontakta.

eFaktura opprettar du i nettbanken din når du betalar ein faktura til oss, eller du kan søke opp tilbydera av eFaktura i nettbanken og opprette avtale derfrå. Referansen for å opprette eFaktura finn du på fakturaen din.



### Aktuelle saker:

- eFaktura
- Ny vassleidning i Kyrkjevegen
- Nettleige
- Felling av tre

Rekningane dine ferdig utfylt. Rett i nettbanken.

## Ny vassleidning i Kyrkjevegen

Sykkylven Energi held fram arbeidet med å legge ny hovudvassleidninga i Kyrkjevegen utover hausten. Det skal skiftast og leggast om 560 meter leidning frå Styrkabakken til Klokkehaugen.

Leidninga som vert skifta ut er ei gammal støypejernsleidning som truleg lekk. Den nye leidninga tek høgde for framtidig auke i behov og kapasitet for naudsynt brannvatn på strekninga.

Arbeidet går føre seg til dels langs vegen, men på enkelte strekningar vil det også verte graving i bilvegen. Vegen vert derfor i periodar stengt for å få ei betre framdrift i arbeidet, og betre tryggleiken for dei som utfører arbeidet. Arbeidet vert skilta ved Klokkehaugen og ved Strykabakken slik at gjennomgangstrafikken kan nytte alternativ køyrerute om FV60. Trafikk til eigedomane vil kunne skje som normalt.



Har du hugsa å  
lese av  
straummålaren  
din?



Sykkylven Energi AS  
Haugsetvegen 33  
6230 Sykkylven  
Telefon 70246300  
Feilmelding 70246350  
www.sykkylven-energi.no  
firmapost@sykkylven-energi.no



## Spør først, grav etterpå

Før oppstart av gravearbeid må du undersøke om det ligg straumkablær, fiberkablær, vass- eller avløpsleidningar nedgravd.

Dette gjer du enkelt ved å ta kontakt med oss seinast 2 dagar før graving skal skje.


Ein graveskade kan utløyse erstatningskrav og ha alvorlege konsekvensar for liv og eigedom!

## Nettleige

Nettleige er prisen ein betalar for å få overført straum til ein eigedom. Sykkylven Energi fakturerer nettleiga. Krafta ein nyttar vert fakturert frå kraftleverandør.

Nettleigesatsane vert berekna slik:

### Nettleien beregnes gjennom flere steg




### Fordeling av nettleiga

Om lag ein tredel av innkrevd nettleige går til oss, resten går til overliggende nett og avgifter til Staten.

NVE set rammer for kor høg nettleige vi kan krevje.

Meir om dette kan du lese på [www.nve.no/stromkunde/nettleie](http://www.nve.no/stromkunde/nettleie)



## Felling av tre

Før du skal felle tre, **må** du undersøke om det er fare for at treet kan treffe kraftlinjer. Dersom det er fare for dette må du ta kontakt med oss på førehand. Send oss eit bilete og ei forklaring til [firmapost@sykkylven-energi.no](mailto:firmapost@sykkylven-energi.no) så skal vi vurdere risikoen og vi kan vere behjelpelege med fellinga.

Dersom eit tre treff ei kraftlinje så trekk unna og ring umiddelbart vår vakttelefon 7024 6350. Ikkje forsøk å ta vekk treet sjølv då dette kan medføre fare for liv og helse.



Sykkylven Energi AS  
 Haugsetvegen 33  
 6230 Sykkylven  
 Telefon 70246300  
 Feilmelding 70246350  
[www.sykkylven-energi.no](http://www.sykkylven-energi.no)  
[firmapost@sykkylven-energi.no](mailto:firmapost@sykkylven-energi.no)